



Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Trondheim, 07.05.2018

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/339

Sakshandsamar:
Heidi Grete Betten

Statleg medverknad til sikring og tilrettelegging av Bjørkheim badevik gnr 18 bnr 256 i Samnanger kommune som friluftslivsområde for ålmenta

Vi viser til kommunen sin søknad av 15.01.2018 og uttale fra fylkeskommunen i oversending av 16.04.2018. Vi viser og til seinare korrespondanse og dykker e-post av 24.04.2018 med kostnadskalkyle for planlagt tilrettelegging.

Kommunen søker om statleg sikring ved vederlagsfri omgjering av Bjørkheim badevik og om statleg medverknad til tilrettelegging, totalt kr 2.096.000,-.

Sikring og grunnleggande istandsetting av Bjørkheim badevik fyller dei kriteria som er sett for tildeling av statlege midlar.

Miljødirektoratet gir med dette tilsegn om inntil **kr 532.500,-** inklusive omkostninga til sikring og istandsetting av dette arealet til friluftslivsområde for ålmenta. Tilsegna er avgrensa til å dekkje inntil 50 % av kostnadene ved enkelte av dei planlagde tiltaka (sjå nærmere spesifisering under). Vi føresett at eventuelle nødvendige løyve fra offentleg myndighet til å utføra istandsettingstiltaka blir innhenta av tiltakshavar.

Grunngjeving for tilsegna

Samnanger kommune søker i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd om sikring og meir opparbeiding/tilrettelegging av denne kommunalt eigde badevika i tettstaden Bjørkheim. Området består av eigedomen gnr 18 bnr 256 som er om lag 2 daa og regulert til friområde. Badevika er lett tilgjengeleg frå komunesenterområdet her og for dei som bur i nærlieken, og vegen ned er tilpassa rørslehemma. Området er frå før mykje nytta som tur- og rekreasjonsområde og er planlagd meir tilrettelagt for alle brukargrupper, noko som vil auka verdien til området.

Hordaland fylkeskommune tilrår statleg medverknad til sikring som omsøkt.

Statlege midlar til tilrettelegging av sikra friluftsområde blir først og fremst tildelt frå fylkeskommunen. I samband med sikring av område kan direktoratet likevel enkelte gongar medverke økonomisk til grunnleggande istandsetting som blir vurdert som nødvendig for at området skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Direktoratet sitt høve til å medverke til denne type tiltak vil vere avhengig av budsjettsituasjonen. Vi viser til kostnadskalkylen frå dykk. I denne saka vil toalett (kr 140.000), tilkomst fleirbruksflate (kr 250.000), avgraving turveg etc (kr 50.000), tilkøyring masse (kr 105.000), div. tiltak opparbeiding av fleirbruksflate (kr 285.000,-), opparbeiding turveg (kr 60.000,-), rullestolrampe (kr 55.000,-), samt riggkostnader (kr 100.000,-) vere ein del av den grunnleggande istandsettinga som i større grad vil gjere området tilgjengeleg for publikum. I tillegg

støtter vi informasjonstavle med fast sum kr 10.000,-. Kostnadene ved dette blir sett på som ein del av dei samla sikringskostnadene som staten i denne saka kan medverke til å dekkje med inntil 50 %, dvs inntil kr 532.500,-.

Heimelshavar

Heimelshavar etter gjennomført sikring blir Samnanger kommune, medan staten ved Miljødirektoratet blir rettshavar (sjå dokumentasjonskrav under).

Utbetaling

Utbetaling av tilsegna kan gjerast når vi har teke imot dette:

1. Kopi av tinglyst skøyte
2. Panteattest som viser at eigedomen er fri for økonomiske hefte, og andre tinglyste hefte som kan hindre eller vanskeleggjere utnyttinga av eigedomen til friluftslivsføremål
3. Matrikkelskrifter med tilsvarende opplysningar som i målebrev
4. Grensene for området levert på digital form (til dømes etter oppmåling), i standard kartformat (SOSI). SOSI-fila skal vise den ytre grensa til det sikra friluftslivsområdet (bruk kystkontur der området ev grensar mot sjø) og elles vera reinska for andre opplysningar (som interne eigedomsgrenser, høgdekurver, bygningar osb.)
5. Tinglyst fråsegn om at eigedomen ikkje kan nyttast til anna enn friluftslivsføremål for ålmenta utan samtykke frå staten v/Miljødirektoratet. Direktoratet sitt føretaksnummer er 999 601 391.
6. Stadfesting av at istandsettingstiltaka er utført, samt rekneskapsoppstilling over dei ulike delkostnadene. I rekneskapsoppstillinga skal ev. meirverdiavgift vere trekt ifrå. Rekneskapsoppstillinga skal vere stempla og signert av person med mynde i kommunen.
7. Ein forvaltningsplan som viser planlagde tilretteleggingstiltak i området. Mal for forvaltningsplan er lagt ut på Miljødirektoratet sine nettsider.

Vi gjer merksam på at tilsegna vil bli trekt dersom saka ikkje er avslutta innan 15.08.2020.

Vi ber om at ein held dialog med Miljødirektoratet under gjennomføring av saka, dersom det oppstår tvil om føresetnadene for tilsegna kan vere endra. Det kan til dømes gjelde ved endringar av kostnader, arealstorlek og vilkår i avtalar som blir inngått.

Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan sette i verk kontroll av om midlane er nytta i samsvar med føresetnadene. Vi føresett at kostnadene blir ført slik at det er mogleg å ta ut eit separat rekneskap for arbeida som er utført.

Informasjonstavle

Informasjon er eit viktig tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivsområde. For at fleire område skal bli tilrettelagt med informasjonstavler, samt for å sikre at informasjonen om statleg sikra område får eit einskapleg og gjenkjenneleg uttrykk, har Miljødirektoratet utvikla ein eigen grafisk profil for desse områda. Malen gjeld anten det er staten, kommunen eller eit friluftsråd som blir grunneigar/rettshavar. Ta ev. kontakt med Miljødirektoratet for nærmare informasjon om malen.

Rettleiing om forvaltninga

DN-handbok nr. 30-2011 "Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder" viser kommunen sitt ansvar ved sikring av område ved hjelp av statleg medverknad, samt ansvar når det gjeld drift og tilsyn av desse friluftslivsområda. Vi gjer merksam på at ansvar for drift blant anna omfattar ansvar for normale driftsutgifter knytt til området (f. eks. kommunale avgifter, straum, eigedomsskatt, utgifter ein får som part i veglag ol). Det er ein føresetnad for tilsegna at kommunen tek på seg dette ansvaret. Handboka er publisert på direktoratet sine nettsider.

Vi føresett at eventuell opparbeiding skjer på ein naturvennleg måte, jf. prinsipp og råd omtala i DN-handbok nr. 27-2006 "Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv". Handboka er publisert på direktoratet sine nettsider.

Vidare blir det føresett at naturmangfaldet blir forvalta i medhald av naturmangfaldloven sitt føremål, forvaltningsmål, prinsipp og plikt til aktsemd, jf. loven kap. 1 og 2.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam
seksjonsleiar

Heidi Grete Betten
seniorrådgjevar

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

| | | | |
|------------------------------|----------------|------|--------|
| Bergen og omland friluftsråd | Hellebakken 45 | 5039 | BERGEN |
| Hordaland fylkeskommune | Boks 7900 | 5020 | Bergen |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |